

Gudrun, Synnøva og Halldor Folkedal
Folkedalsvegen 286
5736 Granvin

05.11.2017

NVE
Middelthuns gate 29
0368 Oslo

NOK ER NOK!

Me seier nei til utbygging av ny kraftstasjon i Folkedal og overføring av vatn frå Kvanndalselva.

Me har vakse opp og budd store delar av livet vårt nære den gamle kraftstasjonen og aksepterte dei ulempene dette medførte. Då den nye kraftstasjonen i Folkedal vart bygd for eit par år sidan, var me ikkje overbegeistra, men aksepterte det sidan me ikkje såg på det som eit stort inngrep i korkje natur eller bygd fordi det allereie eksisterte ein kraftstasjon på staden. Den gamle kraftstasjonen vart bygd i 1939- 1940 og difor tenkte me også at den nye kraftverket ville gjera straumproduksjonen meir effektiv, noko me ikkje er imot.

Men ein ny kraftstasjon med påfølgjande ny utbygging og anleggsarbeid er totalt uakseptabelt. Folkedal er akkurat i ferd med å finna forma si igjen etter den allereie omtalte utbygginga av den nye eksisterande kraftstasjonen for eit par år sidan, og er enno skada etter utbygginga av «monstermastene» for eit par år sidan. Folk er lei av anleggverksemd og bråk. Me ber om eit auka fokus frå NVE si side på at dei som bur og har budd i område med stor straumproduksjon, fortener respekt og å få verta høyrte. Då den gamle kraftstasjonen i Folkedal vart bygd i 1939- 1940- åra, var straumproduksjonen viktig for å «byggja landet». Dei fleste veit i dag at ny kraftutbygging ikkje handlar om å byggja landet, men derimot som oftast rein profitt for utbyggjarane, og då må det vera som eit naturleg utgangspunkt at utbygginga skjer i samråd med lokale innbyggjarar. At Hardanger Energi i søknaden ber om ekspropriasjonsløyve etter oreigningslova §2 for nødvendig grunn og rettar dersom minnelege avtalar ikkje blir oppnådd, seier sitt. Dersom dei ikkje får det som dei vil, så skal det brukast tvang. Me minner om at det i det same området var ein veldig stor konflikt knytt til straumforsyninga for godt og vel 6 år sidan, og at me håpar at me ikkje hamnar i den same situasjonen igjen.

Me er særdeles skeptiske til at ein også skal henta vatn frå Kvanndalselva. Kvanndalselva er ei godt skjult perla som heller burde vernast enn å byggjast ut. Kvanndalselva og Kvanndalsgjelet er unike plassar, jomfrueleg frodig og med regnskogpreg om sommaren. Lokale folk har no gått saman og teke initiativ for å setja istand den gamle buføringsstien til Kvanndalsstølen for at fleire skal få oppleva den spesielle og vakre naturen me finn i området. Seier NVE ja til ei utbygging vil dei samstundes slå føtene under dette arbeidet. Ja til ei utvikling basert på ei oppbygging av naturopplevingar, ikkje nedbygging av naturperler.

Overføringa av vatn frå Kvanndalselva til kraftverket i Folkedal, vil gje ubalanse i vassføringa i begge elvene. I NINA sin Minirapport 141 står det at: «Folkedalselva vil få en betydelig økning i vannføringen etter overføringen fra Kvanndalselva, med fare for økning i erosjonen i elveløpet». Me er sterkt skeptiske til dei konsekvensane dette kan føra til.

Me ber NVE om å ta til fornuft når det lokale energiselskapet, Hardanger Energi tydelegvis ikkje er i stand til å gjera det, og seia nei til utbygging av ein ny kraftstasjon i Folkedal med overføring av vatn frå Kvanndalselva.

Helsing

Gudrun Folkedal

Synnøva Folkedal

Halldor Eidnes Folkedal